

# ER VI DER DET SKJER?

---

10:05 søn. 29. okt. regjeringen.no [Skrimstørrelse](#)  Norsk

 Regjeringen.no

Tema ▼ Dokument ▼ Aktuelt ▼ Departement ▼ Regjering ▼

Forsiden • Aktuelt ▼ • Pressemeldinger  Del/tips  Skriv ut

## Varsler gjennomgang av flom- og skredpolitikken

Pressemelding | Dato: 05.12.2022

Olje- og energiminister Terje Aasland tar nå initiativ til å gjennomgå og oppdatere politikken på flom- og skredområdet, og vil legge frem en melding for Stortinget våren 2024.

**– En ny stortingsmelding er viktig for å oppdatere vårt kunnskaps- og beslutningsgrunnlag knyttet til naturfarer. Klimaendringene gjør at det er kritisk at vi har gode verktøy for å forebygge flom- og skredskader. Dette handler om at folk skal føle seg trygge, sier olje- og energiminister Terje Aasland (Ap).**

Det er 10 år siden rammene for arbeidet med forebygging av flom- og skredskader ble fastsatt gjennom Meld. St. 15 (2011-2012) *Hvordan leve med farene – om flom og skred*. I løpet av disse årene har det blitt samlet ny erfaring, kompetanse og kunnskap om naturfarer. Klimaendringer, mer utbygging og økt menneskelig aktivitet i fareområder aktualiserer behovet for arbeid med forebygging. Samtidig må både myndigheter og innbyggere være forberedt på flere alvorlige flom- og skredhendelser i hele landet.

Regjeringen mener det er behov for å gjennomgå rammene for forebygging av flom- og skredskader. Gjennomgangen vil blant annet

Olje- og energidepartementet

TEMA

KONTAKT

[Pressevakt OED Tlf: 415 73 500](#)  
E-post: [info@oed.dep.no](mailto:info@oed.dep.no)  
Telefon: [415 73 500](tel:41573500) (ikke sms)

# SOGN KO

---

Status og vegen vidare - Sogndal 31/10/23


# KVIFOR EIT KO I TILLEGG TIL DET POLITISKE REGIONRÅDET?

---

- Politisk ynskje om meir systematisk samarbeid på administrativt nivå i regionen
- Formaliserte og ryddige rammer - sikre god samhandling mellom politisk og administrativt nivå
- Behov for ein felles kapasitet for å sikre framdrift og produksjon
- Samordning med siste føringar i kommunelova
- Ynskjer å vere ein saksførebuande kapasitet som kan supplere den gode jobben som dagleg leiar gjer med å skape politiske arenaar og møtestadar



# TIDSLINJA - KOMMUNALT OPPGÅVEFELLESKAP



# KVA KO-ET SKAL BIDRA MED

---

Jobbe med rekruttering, profil og merkevare, samordne Sogn under ein paraply på tvers av sektorar

Løfte opp, greie ut og utarbeide underlag for politisk handsaming av meir samarbeid i Sogn

Samordne arbeidet med berekraft i regionen

Om innvilga: Jobbe med bygdevekst, jobbe fram grunnlag for eit felles løft på utviklingsarbeid i Sogn

Jobbe i lag med å ta ut potensialet i tillitsreforma i Sogn

# KORLEIS JOBBAR KO-ET MED SAMARBEID



Fase 1 (FS): Skrivebordskartlegging av no-situasjonen i dei aktuelle kommunane, samt ei innleiande avklaring rundt lovkrav og formelle avgrensingar. Identifisere kva kommunane ynskjer å oppnå av effektar og gevinstar ved eit eventuelt samarbeid.



Fase 2 (FP): Involvering av dei tilsette i tenestene for å få innsikt i styrkar, svakheiter, mogelegheiter og truslar med dagens situasjon. Bruke designmetodikk og involvere tillitsvalgte frå starten. Djupeintervju med kommunar som har liknande samarbeid i dag. Gjere juridiske og formelle avklaringar.



Fase 3 (HP): Etablere nytt samarbeid, inkludert politiske vedtak. Sikre ein god oppstart og få på plass naudsynte styringsdokument og rammer.

# TEMA FOR SAMARBEID – TIL KOMMUNALSJEFSAMLINGA

- **Sogn Kulturskule:** Greie ut potensiale for å samarbeide om ein meir moderne og oppdatert kulturskule, både når det kjem til breidda i tilboda og organisering. Gruppa ynskjer å starte med blanke ark, og gå inn i arbeidet som om ein skulle lage ein heilt ny kulturskule med det utgangspunktet det har i dag. Premissen er eit desentralisert tilbod med felles leiging og administrasjon. Alle utanom Årdal.
- **Innkjøp:** Kommunane har dårlegare betingelsar i dagens avtalar på grunn av volumet i dei avtalane ein er ein del av i dag. Ynskjer å sjå på kva som ville vere gevinsten av å ha innkjøpsressursane i Sogn, særleg for å fremje bruk av lokalt og regionalt næringsliv. Opplever til dels lang ventetid på hjelp frå Kinn-samarbeidet. Treng og betre kompetanse og rådgjeving på smarte og innovative innkjøpsformer, som lova opnar for i større grad enn før. Alle utanom Luster.
- **Barnevern:** Greie ut felles leiging og større fagmiljø som kan dekke heile Sogn. Mykje god kompetanse i tenestene i regionen i dag, men krevjande med liten avstand mellom tenesta og lokalsamfunnet. Utviklinga rundt barnevernstenesta nasjonalt går i retning av meir førebygging og fleire og meir samarbeid med andre, viktig å vere i forkant av dette. Alle.
- **Kommuneadvokat:** Eigen advokat, helst med kompetanse på avtalerett, som kan representere og rådgje kommunane, og føre saker i retten. Sogndal ser behov for ei slik stilling åleine, skal ein gå i lag om å få etablert eit lite fagmiljø med to stillingar? Alle.
- **Plan:** Felles planressurs, inkludert oppmåling og byggesak. Treng å bruke tid saman med eksisterande fagmiljø for å definere kva som trengst regionalt, opp mot det som er i kommunane i dag. Overordna plan er eit tydeleg behov hos mange av kommunane. Viktig for å bygge meir attraktivt og sterkare fagmiljø, både for å sikre god handtering av viktige og komplekse saker, og for å tiltrekke seg gode fagfolk i framtida. Stort potensiale for å digitalisere meir. Alle utanom Aurland.

# KORLEIS MØTE OVERFORBRUKET INNAN HELSE OG OMSORG?



Kommune	Vikar sykepl/omsorgsarb.	Vikarlege	Total
Sogndal	7.300.000	1.630.000	8.930.000
Årdal	12.430.000	6.870.000	19.300.000
Luster	3.618.000	-----	3.618.000
Lærdal	3.877.000	158.000	4.035.000
Aurland	-----	5.100.000	5.100.000
Vik	17.910.000	419.000	18.334.000
Total	45.000.000	15.000.000	60.000.000
Adm.utgifter			3.000.000
Forventet avkasting	Rundt 15 %	Rundt 15 %	9.000.000

Merk: Dette er kun kjøp. Interne vikarutgifter er ikkje med.

# Samarbeidsmodell



PROFIL OG MERKEVARE - KO-ET TEK EIGARSKAP

# BYGDEVEKST



Effektmål: Sterkere utviklingskapasitet i Sogn og tydelege og forpliktande samarbeid mellom kommunane og med staten på dei områda som vert definert som viktigast.




Resultatmål fase 1: Ferdig utarbeidd samarbeidsavtale med staten om bygdevekst.

# KVA ER TILLITSREFORMA?

---

- Frå Hurdalsplattforma:
  - *En av regjeringens viktigste prosjekter er en tillitsreform i offentlig sektor. Reformen handler om å gi de ansatte tid og tillit til å gi brukerne bedre tjenester, og den skal utformes i tett samspill med brukerorganisasjoner, tillitsvalgte og ledelsen i alle store offentlige virksomheter. Målene i offentlig sektor skal være få, tydelige og relevante.*
  - *Tillitsreformen i offentlig sektor skal gi tilliten, tiden og makten tilbake til de som utgjør førstelinja og ryggraden i velferdsstaten, som for eksempel lærerne, sykepleierne, politibetjentene og fastlegene. Tillitsreformen innebærer at regjeringen ikke vil sette i gang sentraliserende reformer som skaper store enheter med lange ansvarskjeder fra beslutningstaker til de som står i klasserommet eller på sykehjemmet for å utføre jobben. Samtidig vil regjeringen gi større frihet til kommunale og regionale myndigheter, som er de viktigste tjenesteyterne.*



# KVA BETYR DET FOR KOMMUNANE?

---

Ein anna måte å jobbe på for heile offentlig sektor, som har mindre detalj- og delmålsstyring, men meir tillit til at fagfolk, leiarar og den enkelte verksemda kan finne gode løysingar sjølv, og meir friheit frå stat til kommune



Eit frikommuneforsøk/forsøksordning der ein kan få endra rammebetingelsar frå staten for å teste ut nye måtar å løyse oppgåvene på (Sogndal har søkt med dei andre kommunane som samarbeidskommunar)

# EKSTERN FINANSIERING SOM UTVIKLINGSTURBO

---

- Regionen har stort potensiale for å hente utviklingsmidlar frå både nasjonale og regionale aktørar
- Det krev meir av oss i starten, men vil etter kvart gje oss ein mykje større utviklingskapasitet enn i dag utan å måtte betale for auka sjølv
- KO-et ynskjer å posisjonere kommunane i Sogn til å kunne dra nytte av desse ordningane, helst i tett samspel med Sognarådet for å bygge strategisk viktige posisjonar





# VIDAREFØRING AV SAMARBEIDA SOM GÅR I DAG

---

- Tek over og vidarefører dei eksisterande samarbeida som Sogn Regionråd har hatt:
  - GIS-samarbeidet
  - System for styrka læring
  - Sogn for alle
  - Regionale nettverk
  - Stadutvikling
  - Rydding av fjorden og andre fellesoppgåver

# DEI FORMELLE PROSESSANE SOM STÅR ATT

---

- Vedta budsjetttrammene i kvar enkelt kommune
- Etablere kapasitet (personellressursar) ut frå vedteken budsjetttramme
- Velje representantskap (ordførarane) og styre (kommunedirektørane) i år
- Formell registrering i Brønnøysundregistra

